



Slik vert dei 5 husa liggjande. Fylkesvegen er lengst til høgre



**Ospelunden-prosjektet tek til å få vind i segla. Til no har Oddbjørn Kroka seld 6 av dei 10 leilegheitene i 5 tomannsbustader, opplysar han til uskedalen.no. Opparbeidinga av tomtane er godt igang.**

**Tomannsbustadane er vertikaldelte og dei er på 99 kvadratmeter. Pris utan garasje er 2 150 000 og med garasje 2 350 000 kroner. Alle leilegheitene er godkjent i Husbanken, er i ei høgd og får 2 eller 3 soverom. Husbankfinansieringa gjev svært låge månadskostnader, vert det streka under i annonsen..**

I annonsen som ei tid har lege ute på FINN eiendom vert det opplyst at månadskostnadane vert 4 037 kroner utan garasje og 4 412 kroner med garasje medan eigenkapitalen vert 64 500 og 70 000 kroner.

Det heiter i annonsen at tomannsbustadane ligg flott til og har nydeleg sjøutsikt.

Andre viktige stikkord er breibandstilskyting, kabel-TV og livsløpstandard. Stutt veg til badestrand og turterreng vert trukke fram. Det vert og gang- og sykkelvegen til barnehage, skule og butikk.

Alle 10 bustadar vert seksjonerte ut frå det same gards- og bruksnummer. Det vert laga enkle sameigevedtekter som kjøparane plikter å fylgja.

Av Ola Matti Mathisen



Røsseland jobbar for fullt med tomtene (Foto: Ola Matti Mathisen9)